



Nottveit Energi AS
Postboks 14
5732 MODALEN

Endring av løyve etter forureiningslova til utslepp frå anleggsarbeid - krafttunell Storebotnelv, Nottveit kraftverk, i Modalen kommune.


Statsforvaltaren endrar Nottveit Energi AS sitt løyve til utslepp av reinsa anleggsvatn frå driving av krafttunell frå Storebotnelv til inntaksdam Nottveit kraftverk i Nottveitelva. Tunneldrivesvatnet skal reinsast for partiklar (suspendert stoff) og ev. olje frå anleggsarbeidet. Løyvets varigheit vert forlenga med fire år frå dagens dato.

Løyvet blei gjeve med heimel i forureiningslova § 11 og med vilkår for utføring av anleggsarbeidet etter lovas § 16. Endring av løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 18.

Vi viser til søknad om fornya løyve datert 20. februar 2026.

Om den opprinnelege søknaden

Nottveit Energi AS fekk konsesjon 19. desember 2011 frå NVE til å byggje Nottveit kraftverk. NVE gav 27. april 2016 konsesjon til utviding av Nottveit kraftverk med å overføre vatn frå Storebotnelv til inntaksdam til Nottveit kraftverk på kote 293 i Nottveitelva. Dette skal skje ved å sprengje ein 250 meter lang tunell frå dam i Nottveitelva mot Storbotnelva. Det er venta utslepp av vatn frå tunneldrivinga på 1 liter pr sekund og anleggstida er anslege til tre månader med oppstart sommar/haust 2020. Det er anslege ca. 4 000 faste m³ tunnelmassar frå tunellen. Massane skal knusast i mobilt knuseverk til fraksjonar som skal nyttast til bære- og topplag til bl.a. adkomstveg til kraftstasjonen. Statsforvaltaren ga løyve etter forureiningslova 9. juli 2020 til utslepp av reinsa anleggsvatn frå dette anleggsarbeidet.



Figur 1 Overføringstunnel (Sofienlund 2020)



Om søknad om forlenga varigheit

Løyvet inneheld vilkår om at dersom heile eller vesentlege deler av løyvet ikkje var teke i bruk innan 4 år, så skal verksemda sende ein status rapport før oppstart slik at Statsforvalteren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Nottveit Energi AS skriv i søknad om fornying datert 20. februar 2026 at oppstart anleggsarbeida er utsett, men er no klar til utføring. NVE har godkjend detaljplan for miljø og landskap i vedtak 3. juli 2025.

Nottveit Energi AS skriv at det er ikkje gjort endringar i planane for gjennomføring av arbeida. Dei planlagde avbøtande tiltaka for å redusere forureininga er dei same som beskrevet i søknaden 23. juni 2020 og som vart sett som vilkår i løyvet frå 2020.

Sakshandsaming

Vi vurderer at endring av løyvet til å være av mindre miljømessig betydning, og saka er derfor ikkje førehandsvarsla, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b.

Statsforvaltarens grunngjeving

Rettsleg grunnlag

Forureiningslovas § 18 gir heimel til endring av tillatelser.

Vår vurdering av søknaden

Vi ser ikkje at ei endring av løyvets varigheit utgjer noko fare for forureining eller negativ påverknad og forlengjer løyvet slik det er omsøkt til 21. februar 2029.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Dette er en mindre endring så Statsforvalterens vurderinger av tiltaket etter naturmangfoldloven og vassforskrifta gitt i vårt vedtak 9. juli 2020, også er gjeldande for denne endringa.

Vedtak

Statsforvaltaren endrar løyve til utslepp av reinsa anleggsvatn frå tunneldriving til Nottveit Energi AS. Endringa er heimla i forureiningslova § 18. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Gebyr for saksbehandling

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyver og kontroll etter forureiningslova. Ut frå Statsforvaltarens ressursbruk i saka, vedtek vi lågaste gebyrsats 9, 9 500 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for meir informasjon om saksbehandlingsgebyret.

Endring og omgjeriing

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Endringar skal være basert på skriftleg saksbehandling og en forsvarleg utgreiing av saken. At det er gitt løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56.



Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følger direkte av forureiningslova og produktkontrollen samt forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Rett til å klage

De har fått endra løyve til utslepp av reinsa anleggsvatn frå tunneldriving . Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyr, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har motteken dette brevet. Klagen bør vere skriftleg grunngjeven, og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Hedda Vik Askeland
rådgjevar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi med vedlegg til:

Modalen kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat -
NVE

Postboks 44

Postboks 5091 Majorstua

5729

0301

MODALEN

OSLO



Endra løyve etter forureiningslova til utslepp frå anleggsarbeid - krafttunell Storebotnelv, Nottveit kraftverk, i Modalen kommune

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova, § 11, jf. § 16. Endringa er gjeve med heimel i lovas § 18. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar framkomme i søknad av 23. juni 2020, endringssøknad datert 20. februar 2026 og opplysningar framkomme under saksbehandlinga. Løyve gjeld frå dags dato.

Verksemda må på førehand avklare med Statsforvaltaren dersom de ønsker å foreta endringar i driftsforhold, utslepp mm. som kan ha miljømessig betydning og som ikkje er i samsvar opplysningar som er gitt i søknaden eller under sakshandsaminga.

Dersom heile eller vesentlege deler av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år, skal verksemda sende ei utgreiing for arbeidets omfang og status slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Virksomhetsdata

Verksemd	Nottveit Energi AS
Gateadresse	Nygårdsgaten 112, 5008 Bergen
Postadresse	c/o NK Business Services AS, Statsminister Michelsens veg 5230 Paradis
Kommune og fylke	Modalen, Vestland
Org.nummer	997 334 205
Saksnummer	2020/18254

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer
2020.0696.T	4629.0008.01

Løyve gitt: 9. juli 2020	Endringsnummer:	Sist endra: 24. februar 2026
Hedda Vik Askeland rådgjevar	Magne Nesse senioringeniør	

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Skildring

1. Løyves ramme og omfang

1.1 Omfang

Løyvet gjeld forureining frå anleggsarbeid i samband med bygging av krafttunell frå Storebotnelv til Nottveit kraftverk i Modalen. Dette gjeld utslepp av reinsa tunneldrivevatn, generell forureining frå anleggsarbeid og handtering av avfall.

Løyvet for anleggsdrifta er mellombels og gjeld fram til anleggsperioden er over.

Løyvet fritar ikkje verksemda frå å hente inn løyve etter dei delane av tiltaket som ikkje er regulert av forureiningslova.

Bruk av sikteverk, sorteringsverk eller knuseverk i samband med anleggsarbeidet er meldepliktig etter forureiningsforskrifta kapittel 30. Meldeskjema skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland i god tid før arbeidet tek til, jf. forureiningsforskrifta § 30-11.

Løyvet er basert på opplysningar i følgjande dokument:

- Søknad om utsleppsløyve datert 23. juni 2020 og søknad om fornying 20. februar 2026.
- Konsesjon frå NVE til utviding av Nottveit kraftverk datert 27. april 2016.
- Detaljplan for landskap og miljø datert mai 2025, godkjend av NVE 3. juli 2025.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt dokumenta lista ovanfor med mindre anna er avtalt med Statsforvaltaren.

1.3 Varsel om oppstart

Verksemda skal varsle Statsforvaltaren seinast ei veke før tiltaket settast i gang og når tiltaket er avslutta. Det kan varsles med en e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no merket 2019/14867.

2. Generelle vilkår

2.1 Ansvar

Nottveit Energi AS er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert haldne, og pliktar å sørge for at dei som skal gjennomføre tiltaka er kjent med dei vilkår som gjeld.

2.2 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte

2.4 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere forureiningsmynda om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 3.3.

3. Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at dei entreprenørar som utfører arbeid regulert av løyvet har internkontrollsystem i tråd med vilkår 3.1.

3.2 Beredskapsplan

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (nødnummer 110).

Verksemda skal også, så snart som mogleg, varsle Statsforvaltaren i slike tilfelle på sfvlpost@statsforvaltaren.no

4. Utslepp til vatn

4.1 Utsleppsreducerande tiltak og reinseanlegg for tunelldrivevatn

Det skal etablerast reinseløysningar for å redusere partikkelinnhald og partikkelbunden forureining og redusere oljeinnhald.

Planlagt reinseanlegg er beskriven som eit sedimenteringsbasseng for sedimentering av partiklar med etterfølgjande filtrering i sand og steinmassar før utslepp. Reinseanlegget skal etablerast i terrenget ovanfor dammen i Nottveitelva.

Basert på tilgjengeleg fagkunnskap¹ skal reinseanleggets sedimenteringsbasseng dimensjonerast med tilstrekkeleg volum og overflateareal for ein reinseffekt på suspendert

¹ Behandling og utslipp fra driftsvann fra tunnelanlegg. NFF teknisk rapport nr. 9, august 2002

stoff tilsvarande 400 mg SS/liter. Reinseanleggets infiltrasjonsdel² må planleggjast ut frå dei lausmassane som er på staden, og eigna filtermassar (sand/grus) må tilkøyrast dersom lausmassane ikkje er eigna til infiltrasjon.

Reinseanlegget skal dimensjonerast slik at de kan ta hand om dei vassmengdene som vert tilført. Sidan det på førehand er vanskeleg å vite kva vassmengder som oppstår frå driving av ein tunell, må vassmengdene registrerast med vassmengdemåling når tunneldrifta er komen i gang. Då kan dimensjoneringa av anlegga med omsyn til nødvendig opphaldstid kontrollerast og eventuelt korrigerast.

Utslepp av olje i større omfang vil være knytt til uhell/lekkasjar på maskiner og utstyr under anleggsarbeidet. Verksemda skal ha beredskap for slike hendingar med bruk av absorbentar, slik at mest mogeleg av oljelekkasjar vert samla opp lokalt og ikkje vert ført til utslepp. Reinseanlegget skal innrettast med reinseeigenskapar for å reinse olje som si siste barriere. Det krevst at oljeinnhaldet ved slike hendingar skal haldast lågare enn 10 mg olje/liter ut frå reinseanlegget

Statsforvaltaren krev at før oppstart så skal vi ha tilsendt dokumentasjon på dimensjonering og plassering av planlagt sedimenteringsanlegg med etterfølgjande infiltrasjon i grunnen.

4.2 Drift og vedlikehald av reinseanlegg mv.

Det skal utarbeidast og settast i verk eit kontrollprogram med tilhøyrande skriftlege internkontrollrutinar og driftsinstrukser mv for å følgje opp drift av reinseanlegg i anleggsperioden.

Det skal minimum etablerast skriftlege rutinar for:

- Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegg for olje og suspendert stoff (slam). Bassenga skal rutinemessig tømmast for sand, olje og slam slik at nødvendig opphaldstid til ei kvar tid vert halde.
- Visuell inspeksjon av reinseanlegg inkludert utslippspunkt til resipient.
- Avvikshandtering av tilhøve som gjeld uønskt ytre miljøhendingar som har betyding for drift av reinseanlegg, sedimenteringsbasseng mv

Det skal førast driftsjournal for anlegget. Verksemda skal som minimum journalføre mengde og dato for tømning og innlevering og olje/slam/sand. Driftsjournal skal kunne visast fram ved eventuelt tilsyn.

4.3 Utsleppsreducerande tiltak for resten av anleggsarbeida

Det skal etablerast rutinar for påfylling av drivstoff, vedlikehald av maskinpark mv. med formål å redusere forureining til grunn og resipient.

Det skal ikkje etablerast verkstadar og vaske/spyleplassar med direkte avrenning til vassdraget. Eventuelle vaske/spyleplassar skal ha tett dekke og avrenning til oljeutskiljar.

Det er ikkje tillate å vaske betongbilar utan reinsing og med utslepp direkte til elva, då dette kan medføre høge pH-verdiar

² Vegbygging- Håndbok N200. Statens vegvesen. Punkt 403.45 Infiltrasjon i stedlige masser

Det skal setjast i verk effektive tiltak for oppsamling av eventuelle plastrestar og skytestrengar før utslepp til resipient.

Mellomlagring og permanent disponering av jord og stein skal skje på ein slik måte at ein ikkje får partikkelavrenning til vassdrag. Avrenning frå jord og stein skal unngåast ved å etablere avskjerande grøfter og vatnet frå grøftene skal reinsast før utslepp

4.4 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

5 Grunnforureining

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Verksemda pliktar å halde løpande oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på anleggsområdet. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

6 Kjemikaliar

Med kjemikaliar meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikaliar som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 3.1 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ

finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe³.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁴ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7. Avfall

7.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemda. For materiale som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemdar sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta⁵.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettast den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing

7.2 Handtering av slam frå reinseanlegg

Slam frå reinseanlegget er næringsavfall som skal handterast i tråd med forureiningslova § 32. Det skal takast prøvar av slammet. Dersom analyser viser at innhald av helse- eller miljøfarlege stoff er under normverdien i forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1, så kan massane disponerast i tråd med faktaark M-1243/2018. Er innhaldet over normverdien skal slammet leverast til lovleg avfallsanlegg.

Eventuell utskilt olje frå oljeutskiljardelen av reinseanlegget skal leverast og deklarerast som farleg avfall. Ved mindre mengder olje som eventuelt ikkje blir skilt ut til eigen tank, men blir samla opp med absorbentar, skal desse absorbentane leverast som farleg avfall.

³ Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloval) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

⁴ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrenning av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

⁵ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004, nr. 930

8. Sluttrapport og tilsyn

8.1 Sluttrapport

Nottveit Energi AS skal sende rapport til Statsforvaltaren innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal innehalde:

- Omtale av utført arbeid
- Samla omtale og dokumentasjon på effekt og avbøtande tiltak som er gjennomført for å hindre forureining
- Samla utgreiing for eventuelle vilkår i løyvet som ikkje er oppfylt, inkludert grunngjeving for avvik
- Dokumentasjon på levering av avfall

8.2 Tilsyn

Tiltakseigar plikter å la representantar frå Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget når som helst.